

Revidert Vest 39 - Samla finansierings- og utbyggingsplan for E 39 Kyststamvegen

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Vestlandsrådet viser til tidlegare handsaming av Vest39 og kan ikkje akseptere Vegdirektoratet sitt opplegg for stamveginvesteringar på E39 Kyststamvegen i forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015.
2. Vestlandsrådet vil tilrå opplegget i revidert Vest39 som grunnlag for fylkeskommunane si handsaming av Vegdirektoratet sitt opplegg for stamveginvesteringar på E39 Kyststamvegen i forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015, jfr vedlegg 1.
3. Saka vert oversend til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan (2006-2015) – Handlingsprogram

Prenta vedlegg:

Samla finansieringsplan for E 39 i vestlandsfylka (Revidert Vest 39)
Statens vegvesen sitt handlingsprogram for stamvegrute 8, 9 og 10

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

SAMANDRAG

I samband med Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2006-2015 sommaren 2004 vart dei endelege økonomiske rammene for stamveginvesteringane fastsette. Med grunnlag i dette og at dei statlege transportetatane no, 1.februar 2005, har presentert sine endelege forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015, legg fylkesrådmannen fram sak om revidert forslag til Vest39.

Arbeidet med Vest39 har etter fylkesrådmannen sitt syn vore ei viktig merkesak i utviklinga av Vestlandsrådet som eit effektivt regionalt samarbeidsorgan på tvers av fylkesgrensene. Vest39 er eit døme på kor langt det er mogleg å utvikle eit prioritert opplegg for eit felles utviklingsprosjekt innanfor eksisterande regionstruktur. Det er heller ikkje så lenge sidan eit slikt opplegg ville vore utenkjeleg på Vestlandet. I samband med Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2006-2015 har Vestlandsrådet gjennom Vest39 for alvor markert seg som ein viktig pådrivar og løysingsorientert aktør i høve til felles utfordringar på Vestlandet.

Med grunnlag i det opprinnelege opplegget i Vest39 vil fylkesrådmannen ikkje kunne tilrå Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram for E39 Kyststamvegen i Nasjonal transportplan 2006-2015. Særleg på den høgt trafikkerte strekninga E39 Bergen-Stavanger ivaretek ikkje dette forslaget det samla strategiske investeringsopplegget som ligg til grunn i Vest39.

Som grunnlag for uttale frå fylkeskommunane til dette forslaget frå Vegdirektoratet vil fylkesrådmannen tilrå opplegget i revidert Vest39. Fylkesrådmannen ser det som svært viktig for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet å halde fast på opplegget også i revidert Vest39 og sikre ei framleis felles og samordna prioritert utvikling av E39 Kyststamvegen i vestlandsfylka.

Bakgrunn

På møte i Vestlandsrådet, 31.mars 2004, vart det handsama sak om Vest39- samla utbyggings- og finansieringspakke for E39 Kyststamvegen. Det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. "Vestlandsrådet konstaterer at dei statlege løyvingane til E39 Kyststamvegen i forslaget til NTP er på et uakseptabelt lavt nivå.
Vestlandsrådet krev difor ein markert auke i dei statlege løyvingane til Kyststamvegen.
Vestlandsrådet vil, under den klare føresetnad at staten aukar innsatsen betydeleg, initiere opplegget i Vest 39.
Ein legg dette til grunn for informasjons- og kommunikasjonstiltak inn mot Stortinget si handsaming av St.meld.nr. 26 (2003-04) Nasjonal transportplan 2006-15.*
- 2. Initiativet må vera tufta på lokal forankring og tilslutnad – initiativet Vest39 vert i tråd med dette sendt på høyring til fylkeskommunane og berørte kommunar, samt aktuelle brukar-, nærings- og interesseorganisasjonar.*
- 3. Satsinga på E39 Kyststamvegen må ikkje gå på bekostning av løyvingane til øvrige stamvegar på Vestlandet.*

4. Med grunnlag i høyringsfråsegner vil Vestlandsrådet ta endeleg stilling til prinsipp og rammer for Vest39.”

I samband med Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2006-2015 sommaren 2004 vart dei endelege økonomiske rammene for stamveginvesteringane fastsette. Med grunnlag i dette og at dei statlege transportetatane no, 1.februar 2005, har presentert sine endelege forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015, legg fylkesrådmannen fram sak om revidert forslag til Vest39.

Vidare arbeid med Vest39

Etter Vestlandsrådet sitt vedtak, 31.mars 2004, er det gjennomført følgjande aktivitetar i det vidare arbeidet med Vest39:

- I samsvar med pkt.2 i vedtaket vart Vest39 sendt ut på høyring til berørte kommunar, samt aktuelle brukar-, nærings- og interesseorganisasjonar. Utfallet av denne høyringa framgår av vedlagte rapport om Vest39.
- Det er lagt opp til at fylkeskommunane vil ta stilling til revidert Vest39 i samband med handsaminga av handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2006-2015.
- I samsvar med pkt.1 i Vestlandsrådet sitt vedtak vart Vest39 presentert som eit høgt prioritert felles satsingsområde i Vestlandsrådet sitt felles høyringsmøte med Stortingets samferdselskomite om Nasjonal transportplan 2006-2015. I samband med Stortinget si endelege handsaming av dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2006-2016 vart det vedteke ein auke på vel 1 mrd.kr for satsing på E39 Kyststamvegen i dei fire vestlandsfylka i planperioden, i høve til regjeringa sitt opplegg.
- I brev frå Vestlandsrådet til samferdselsministeren, 6.august 2004, vart det bedt om eit møte for å presentere opplegget i Vest39, samt drøfte opplegget for det vidare arbeidet med forslaget til handlingsprogram for stamveginvesteringane i Nasjonal transportplan 2006-2015. I brev frå samferdselsdepartementet, 10.september 2004, vart denne førespurnaden om møte med samferdselsministeren avslått.
- Statens vegvesen inviterte Vestlandsrådet til møte på Leikanger, 21.januar 2005, for å drøfte opplegget i Vest39 og Vegdirektoratet sine foreløpige prioriteringar på E39 Kyststamvegen. På dette møtet deltok fylkesordførarane, fylkesvaraordførarane, representantar frå opposisjonen i fylkestinga og fylkesrådmenn. Drøftingane på dette møtet er i svært liten grad lagt til grunn for Vegdirektoratet sitt seinare forslag til handlingsprogram for stamveginvesteringar 2006-2015.

Revidert forslag til Vest39

Ideen bak Vest39 var å få til ei samla og samordna utbygging av E39 Kyststamvegen i dei fire Vestlandsfylka med grunnlag i dei dokumenterte utbyggingsbehova langs vegstrekninga. I Vest39 er det i prinsippet lagt opp til fordeling av statlege stamvegmidlar mellom fylka med grunnlag i kvar utbyggingsprosjekta er lokalisert langs vegstrekninga.

Samstundes er denne fordelinga av stamvegmidlar tilpassa eit mogleg bompengepotensiale for aktuelle bompengeprojekt på E39 Kyststamvegen. Mindre bompengepotensiale i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har ført til større andel statlege stamvegmidlar. Figuren under viser fordelinga av stamvegmidlar mellom fylka som låg til grunn i forslaget til Vest39 på Vestlandsrådet sitt møte 31.mars 2004.

| Fordeling av midlar | 2006-2009 | | 2010-2015 | | 2006-2015 | | Etter 2015, rest (foreløpig uprior.) | | | | | |
|---------------------|-------------|--------|-------------|-------------|-----------|-------------|---|--------|-------------|-------------|------|-------------|
| | Stat | Bom | Stat | Bom | Stat | Bom | Stat | Bom | | | | |
| Møre og Romsdal | 370 | 18,5 % | 490 | 550 | 18,3 % | 140 | 920 | 18,4 % | 630 | 1190 | 20 % | 550 |
| Sogn og Fjordane | 310 | 15,5 % | 55 | 460 | 15,3 % | 115 | 770 | 15,4 % | 170 | 1245 | 21 % | 190 |
| Hordaland | 690 | 34,5 % | 450 | 1040 | 34,7 % | 1270 | 1730 | 34,6 % | 1720 | 2165 | 37 % | 1895 |
| Rogaland | 630 | 31,5 % | 650 | 950 | 31,7 % | 1585 | 1580 | 31,6 % | 2235 | 1330 | 22 % | 300 |
| Sum | 2000 | | 1645 | 3000 | | 3110 | 5000 | | 4755 | 5930 | | 2935 |
| | 55% | | 45% | 49% | | 51% | 51% | | 49% | | | |

Tabell 3 Samla fordeling, fylkesvis oppsummert

Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram for E39 Kyststamvegen i perioden 2006-2015

Med grunnlag i Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2006-2015 har no dei statlege transportetatane lagt fram sine forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015. Som ein del av dette handlingsprogrammet har Vegdirektoratet presentert sitt forslag til stamveginvesteringar for perioden 2006-2015. Dette forslaget er lagt ved saka. Som eit resultat av Vestlandsrådet sitt arbeid med Vest 39 vart stamvegramma på E 39 mellom Stavanger og Ålesund auka med 1 mrd kr. Det er desse midlane som truleg har gjeve Vegdirektoratet høve til å legge inn meir midlar til Kvivsvegen.

Vegdirektoratet sitt høyringsframlegg er noko endra i høve til det som vart presentert på møtet mellom Statens vegvesen og Vestlandsrådet på Leikanger 21.januar. Mellom anna er midlane til prosjekt i Hordaland /Sogn og Fjordane reduserte frå 600 mill kr til 260 mill kr for å få plass til prosjektet Hjartåberga i Møre og Romsdal.

Etter at handlingsprogrammet vart framlagt 1. februar 2005 har Vegdirektoratet i brev til Rogaland fylkeskommune, datert 11.02.2005, orientert om at det er gjort ein feil på to av prosjekta i Rogaland. I forhold til høyringsdokumentet er dei statlege midlane til Rogaland nå auka med 190 mill kr. Desse blir flytta frå prosjekt i Hordaland /Sogn og Fjordane (260 mill kr) som skulle startast opp i slutten av perioden. Konkret vil dette gå ut over prosjekta Knarvik sentrum, Birkeland – Sande, Lavik ferjekai og Drægebø – Grytås. Dette er prosjekt som alle har lege inne i handlingsprogrammet 1998–2007 og 2002-2011, riktig nok i siste periode. Vegdirektoratet vel i sitt justerte forslag å halde fast på prioriteringa av Hartåberga som dei ser i samband med Kvivsvegen.

Figuren under syner Vegdirektoratet sitt forslag til samla investeringsprofil på E39 Kyststamvegen gjennom prioriteringar av investeringsmidlar på stamvegstrekinga i dei fire vestlandsfylka:

| | Periode | Stat | | Bom | Sum |
|----------------|------------------|-------------|---------------|-------------|-------------|
| Møre og R. | 2006-2009 | 239 | 17,8 % | 198 | 437 |
| | 2010-2015 | 898 | 25,2 % | 0 | 898 |
| | Total | 1137 | 23,2 % | 198 | 1335 |
| Sogn og Fj. | 2006-2009 | 120 | 8,9 % | 32 | 152 |
| | 2010-2015 | 463 | 13,0 % | 0 | 463 |
| | Total | 583 | 11,9 % | 32 | 615 |
| Hordaland | 2006-2009 | 764 | 56,8 % | 560 | 1324 |
| | 2010-2015 | 1302 | 36,5 % | 560 | 1862 |
| | Total | 2066 | 43,9 % | 1120 | 3186 |
| Rogaland | 2006-2009 | 223 | 16,6 % | 300 | 523 |
| | 2010-2015 | 900 | 19,9 % | 0 | 900 |
| | Total | 1123 | 22,9 % | 490 | 1423 |
| Sum alle fylka | 2006-2009 | 1346 | | 1090 | 2436 |
| | 2010-2015 | 3563 | | 750 | 4313 |

Forslaget frå Vegdirektoratet representerer eit stort avvik i investeringsprofil i høve til opplegget i opprinneleg Vest39. Når det gjeld prioriteringar og omtale av prosjekt viser fylkesrådmannen til vedlagde forslag frå Vegdirektoratet til handlingsprogram for stamveginvesteringar i Nasjonal transportplan 2006-2015.

Nye rammer og ny fordeling av statlege stamvegmidlar i revidert Vest39:

I samsvar med Vegdirektoratet sine økonomiske rammer for E39 Kyststamvegen i forslaget til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015, er det lagt opp til følgjande investeringsrammer for revidert Vest39 i perioden 2006-2015:

mill 2006 kr

| Vest 39 | Stat | Bom/annan finans |
|-------------------------|-------------|------------------|
| 2006-2009 | 1329 | 1586 |
| 2010-2015 | 3660 | 3465 |
| Totalt 2006-2015 | 4989 | 5051 |

Tabellen viser at dei nye økonomiske rammene for statlege stamvegmidlar til E39 Kyststamvegen i revidert Vest39 er på omlag same nivå som for det opprinnelege opplegget i Vest39 (5000 mill.2004 kr) for heile tiårsperioden 2006-2015. Det er likevel ein betydeleg reduksjon i rammene i høve til første periode 2006-2009 i opprinneleg Vest39 (2000 mill. 2004 kr.)

Med grunnlag i desse nye rammene, nye kostnadstal, samt bindingar inn i planperioden 2006-2009, føreslår fylkesrådmannen følgjande investeringsprofil og fordeling av statlege midlar i revidert Vest39 slik det framgår av figuren under.

| | | Revidert V39 feb05 | | | |
|-------------------------|--------------|--------------------|---------------|-------------|--------------|
| | Periode | Stat | | Annan | Sum |
| Møre og Romsdal | 2006-2009 | 239 | 18,0 % | 198 | 437 |
| | 2010-2015 | 768 | 21,0 % | 0 | 768 |
| | Total | 1007 | 20,2 % | 198 | 1205 |
| Sogn og Fjordane | 2006-2009 | 153 | 11,5 % | 32 | 185 |
| | 2010-2015 | 627 | 17,1 % | 0 | 627 |
| | Total | 780 | 15,6 % | 32 | 812 |
| Hordaland | 2006-2009 | 634 | 47,7 % | 1035 | 1669 |
| | 2010-2015 | 1255 | 34,3 % | 1185 | 2440 |
| | Total | 1889 | 37,9 % | 2220 | 4109 |
| Rogaland | 2006-2009 | 303 | 22,8 % | 320 | 623 |
| | 2010-2015 | 1010 | 27,6 % | 2280 | 3290 |
| | Total | 1313 | 26,3 % | 2600 | 3913 |
| Alle fylka | Total | 4989 | | 5050 | 10039 |

Totalsummen for statsmidlar innanfor Vest39-fylka er 80 millionar høgare enn det som ligg i Vegdirektoratet sitt framlegg 1.febr.2005. Dette har samanheng med at midlar til prosjektet E39 Harangen-Høgkjølen i Sør-Trøndelag er foreslått omprioritert til Vest39.

Som ein kan sjå er den samla investeringsprofilen i revidert Vest39 meir i samsvar med investeringsprofilen i opprinneleg Vest39. Samla sett vil dessutan forslaget i revidert Vest39 utgjere ei betydeleg større satsing med statlege midlar og bompengefinansiering på E39 Kyststamvegen enn det Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram legg opp til. Når det gjeld prioriteringar og omtale av prosjekt viser fylkesrådmannen til vedlagde rapport om revidert Vest39.

Fylkesrådmannen si tilråding

Arbeidet med Vest39 har etter fylkesrådmannen sitt syn vore ei viktig merkesak i utviklinga av Vestlandsrådet som eit effektivt regionalt samarbeidsorgan på tvers av fylkesgrensene. Vest39 er nok eit døme på kor langt det er mogleg å utvikle eit prioritert opplegg for eit felles utviklingsprosjekt innanfor eksisterande regionstruktur. Det er heller ikkje så lenge sidan eit slikt opplegg ville vore utenkjeleg på Vestlandet. I samband med Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2006-2015 har Vestlandsrådet gjennom Vest39 for alvor markert seg som ein viktig pådrivar og løysingsorientert aktør i høve til felles utfordringar på Vestlandet.

Med grunnlag i det opprinnelege opplegget i Vest39 vil fylkesrådmannen ikkje kunne tilrå Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram for E39 Kyststamvegen i Nasjonal transportplan 2006-2015. Særleg på den høgt trafikkerte strekinga E39 Bergen-Stavanger ivaretek ikkje dette forslaget det strategiske investeringsopplegget som ligg til grunn i Vest39. I motsetning til i opprinneleg Vest39 er m.a oppstart av ferjeavløysingsprosjektet Rogfast ikkje prioritert innanfor 10-årsperioden 2006-2015 i Vegdirektoratet sitt forslag. Dette er eitt av to

ferjeavløysings-/innkortingsprosjekt som står att på E39 Kyststamvegen mellom Bergen og Stavanger og som framleis er prioritert i forslaget til revidert Vest39. I Rogaland har og Vestlandsrådet gjennom Vest39 prioritert ei forsert utbygging av dei bynære E39-prosjekta i Stavanger-området i første planperiode. Dette omsynet er også innarbeidd i forslaget til revidert Vest39.

I revidert Vest39 i Hordaland er det i samsvar med Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram lagt opp til oppstart av det store prosjektet E39 Svegatjørn-Rådal i perioden 2006-2009. Det er og føresett at etablering av eit nytt opplegg for bompengeneinnkreving i Nordhordland, vil danne grunnlag for oppstart av m.a Eikåstunnelen og utbetringar i Knarvik på E39 Kyststamvegen i denne perioden.

I Sogn og Fjordane er det i revidert Vest39 lagt opp til forsert oppstart av prosjektet Teigen-Bogen i første planperiode 2006-2009 i høve til Vegdirektoratet sitt forslag. I tillegg er prosjekta Drægebø-Grytås, Lavik ferjekai, og Birkeland-Sande prioriterte for oppstart og gjennomføring i revidert Vest39 i siste planperiode 2010-2015, medan det ikkje er plass til desse prosjekta i Vegdirektoratet sitt forslag. Ein stor del av stamvegmidlane i dette fylket vil gå til Kvivsvegen.

I Møre og Romsdal vert det i revidert Vest39 lagt opp til forsert oppstart av utbetringstiltaka langs Vinjefjorden i første planperiode enn det som Vegdirektoratet sitt forslag til handlingsprogram legg opp til. Det er viktig at prosjektet Renndalen – Staurset bru blir sett på som eitt prosjekt og bygt ut samtidig både i Møre og Romsdal og i Sør Trøndelag.

Som grunnlag for uttale frå fylkeskommune til dette forslaget frå Vegdirektoratet vil fylkesrådmannen tilrå opplegget i revidert Vest39. Fylkesrådmannen ser det som svært viktig for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet å halde fast på opplegget også i revidert Vest39 og sikre ei framleis felles og samordna prioritert utvikling av E39 Kyststamvegen i vestlandsfylka.